

VURDERING AV SØKNADER TIL KUNSTNARSTIPEND 2018 – VISUELL KUNST

Stipend til unge kunstnarar i etableringsfasen

Bildande kunstnarar og kunsthåndverkarar

| | | | | | | |
|------------|--|-------------|----------------------|-----------------------|--|--|
| Tiltak: | Fotografisk prosjekt «URD», fotoprosjekt om vardar | Søkjar: | Ådne Dyrnesli | | | |
| Innhald: | <p>I prosjektet skal søker fotografera vardar. På fjellet, i skogen, i djupe dalar og i bratte lier. Vardar som er godt synlege og som er nærmast ikoniske i framtoning, men også vardar som ligg lågt i terrenget og glir nesten umerka inn i vegetasjonen rundt. Han vil freiste få folk til å sjå dei med nye øye, og til å tenke på korleis vi set spor etter oss.</p> <p>Forskjar meiner at vi i dag har gått over i ein ny geologisk epoke. Antropocen - menneske sin tidsalder. Det er ikkje lenger mogleg å skilje naturen frå menneske. Menneske si påverking er vorte så stor at ein trur det vert synleg i sedimentærlaget frå vår tid. Vardane er ein motsetnad til dette, samtidig som dei symboliserer starten på utviklinga som førte oss hit. Prosjektet skal freiste å gje rom for refleksjon i møte med naturen.</p> | | | | | |
| Vurdering: | <p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønsker å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen ønsker ein å støtte unge kunstnarar som er busett eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane.</p> <p>Dyrnesli er ein ung fotograf busett i Sogn og Fjordane. Han ønsker å gjennomføre eit fotoprosjekt om vardar, eit menneskeskapt merke i naturen ein finn mange av i fylket. I følgje søknaden er dette Dyrnesli sitt andre store fotoprosjekt etter utdanning. Fylkesdirektøren vurderer difor at han er i ei etableringsfase i høve ei kunstnarkarriere.</p> <p>På bakgrunn av dette vedtar fylkesdirektøren å tildele stipend.</p> | | | | | |
| Budsjett: | 60 000 | Søknadssum: | 50 000 | Vedtak: 30 000 | | |

Arbeidsstipend for kunstnarar

Bildande kunstnarar og kunsthåndverk

| | | | | | | |
|------------|---|-------------|--------------------------|-----------------------|--|--|
| Tiltak: | Oppdatere og tilegne seg ny kunnskap i bearbeiding av foto og overføringsteknikk | Søkjar: | Reidun Rose Vinda | | | |
| Innhald: | <p>Søkjar har utdanning frå Statens Høgskule for Kunsthåndverk og design i Bergen, og Kunstskulen i Bergen (KiB). Dei seinare åra har ho jobba med foto og maleri, og hatt utstillinger med desse arbeida. Tida er koment til å vidareføre dette arbeidet med bruk av moderne digital teknologi. Ved deltagning på workshop ved Norske Grafikeres Verksted (NGV) i Oslo vil ho kunne realisere dette. https://www.norskegrafikeresverksted.no</p> <p>For å kunne jobbe der, må søker oppdatere seg på Adobe Photoshop/Illustrator. Dvs. kjøpe programmet, og få innføring i bruken. Eit arbeidsstipend vil gje mulighet til å oppdatere teknikkar, eksperimentere og foreine det ho har jobba med tidligare med det som ho jobbar med no. Skape nye uttrykk og lage nye spor.</p> | | | | | |
| Vurdering: | <p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønsker å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønsker ein å gi skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sin kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjar viser i søknaden til stor aktivitet og utvikling i sitt virke som kunstnar siste året, og ønsker å satse og utvikle seg vidare. Fylkesdirektøren vurderer difor at det er grunnlag for å tildele søkeren stipend.</p> <p>Fylkesdirektøren gjer vedtak om å tildele stipend.</p> | | | | | |
| Budsjett: | 50 258 | Søknadssum: | 50 258 | Vedtak: 30 000 | | |

| | | | | |
|----------|--|---------|-------------------------------|--|
| Tiltak: | Utvikling av del 1 i prosjekt JMP | Søkjar: | May Elin Eikaas Bjerck | |
| Innhald: | <p>Søkjar søker arbeidsstipend til utvikling av del1 i prosjektet JMP.</p> <p>Prosjektet JMP 2018_21 er eit prosjekt som i samarbeid med ei gruppe eldsjeler utviklar ei ny vandring i Kjøsnesfjorden, Jølster kommune. Kjøsnesfjorden er ein brearm til Jostedalsbreen, Nord-Europas største innlandsis. Vandringa vil skape ny tilgjengelelse på staden. Landskapsrommet er eit betydelig natur- og kulturarvområde. Prosjektet diskuterer</p> | | | |

| | |
|------------|--|
| | <p>kulturarv og stiller spørsmål om formidling for framtida. Fiskehelse, artsmangfald og endringar med følger for klima og miljø vil vere gjenstand for undersøkingar. JMP bygger på stadlege diskusjonar. Ein kunstproduksjon har som mål å etablere større bevisstheit om stadlege verdiar her. Kunstverket står i en rommelig relasjon. Funn og tilnærmingar er meint å utvide ein skapande og eksperimentell praksis. Etablere en delekkultur. Diskusjonane aktualiserer stadlege ressursar og narrativ.</p> <p>Moment i formidlinga er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - diskurs – tilføre eige begrepsapparat - grensesnittproduksjonar som kulturuttrykk og kulturbærer - workshops med lokal medverknad - lesing av kulturuttrykk som politisk og sosial skulptur - delpublisering; presentasjon og førelesningar - innlegg til debatt (Utstilling, nettside, publikasjonar underveis) - presentasjon ECLAS 2018 Conference, Landscapes of Conflict - delpublisering (1) av prosjekt I SFKM, Mønstring nov 2018- mars 2019 <p>JMP, Kjøsnesfjorden skal opne for ny aktivitet på sted. Kjøsnes ligger på den 4.breporten i Jølster kommune. Landart implementasjonen står i ein land- vatn overgang med fjell mellom 14-1600 moh og nivåforskjellar på 2 - 200 meter under havet. Som følge av eit varmare klima, har auken i uføresett snø- og steinras blitt eit problem på Rv5, ei strekning som er viktig transportåre mellom Aust- og Vestlandet. Strekninga er løyvd full ras sikring i NTP og arbeidet med tunnellinnslag er starta. Ras sikring er eit stort behov, på same tid som det medfører tap av store naturopplevelingar.</p> |
| Vurdering: | <p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sin kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjaren er ein erfaren kunstnar med eit godt prosjekt. Ho har tidlegare motteke kulturutviklingsmidlar til prosjektet JMP.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkerar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til arbeidsstipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p> |
| Budsjett: | 30 000 Søknadssum: 30 000 Vedtak: 0 |

| Tiltak: | Prosjektet «Heim» | Søkjar: | Charlotte Rintler |
|------------|---|---------|-------------------|
| Innhald: | <p>Prosjektet "Heim" er en visuell og litterær undersøking av meiningsa med "Heim", kva legg ulike personar i ordet heim, der dei bur eller der ein eingong kom frå. I starten av prosjektet vil søker ta for seg nokre utvalde personar frå fylket, som ho skal intervju, samtidig som ho skal måle sitt intrykk av dette ifrå heimane deira. Til no har ho vore hos eit par, men har sett seg ut 12 par med kreative menneske som bur i Sogn og Fjordane. Ved sidan av å male /teikne deira interiøre landskap vil ho intervju dei for å finne ut kva som gjer der dei bur til deira heim.</p> <p>Prosjektet vil ende i ei utstilling av bilete, men søker kan og komme til å lage ei bok om dette, ein mulig radiodokumentar av lydopptak osv.</p> | | |
| Vurdering: | <p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sin kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkerar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til arbeidsstipend i 2018. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p> | | |
| Budsjett: | 130 000 Søknadssum: 50 000 Vedtak: 0 | | |

| Tiltak: | Over Filefjell | Søkjar: | Lillian Samdal |
|----------|---|---------|----------------|
| Innhald: | <p>Bakgrunn I 1716 kom Nils Stålby frå Sverige til Noreg som soldat i kong Karl XIIIs hær. Han vart teken til fange ved slaget i Moss og frakta til Bergen. Her vart han henta som dreng til Samnanger hos storbonden Peder Tysse. Peder hadde ei einaste dotter, Anna. Nils og Anna vart forelsa. Nils og Anna fekk gifte seg. Dei fekk 8 born. Deira eldste, kjærleksbarnet Kari - er søkeren si slektsgrein. Ho flytte til garden Samdal, og etter henne har søkeren sitt etternamn.</p> <p>Kva stipendet skal brukast til Søkjan skal gå kongevegen få Vang til Lærdal. Dette er ei etappe langs reisa som Nils tok som krigsfange i 1716. Målet med reisa er å få betre geografisk kjennskap til turen Nils tok. Med dette som motivasjon ynskjer søkeren i storst mogeleg grad å bli medviten kvar kongevegen fell saman og bryt med den eldre allmannvegen, der Nils har gått.</p> | | |

| | | | | |
|------------|---|-------------|--------|-----------------------|
| | <p>Turen over Filefjell er eit delmål i eit pågåande prosjekt som består av fleire reiser. Etappar på Nils sin veg frå heimen han forlot i Sverige til det som vart hans nye heim i Noreg. Samdal har reist frå Lærdal via Moss, der han vart teken til fange - til Medåker i Sverige, der han vaks opp. Og til Samnanger og gardane der han budde til han døydde. Til hausten reiser ho attende til Medåker, i ti dagar - for å snuse inn lufta, gå på bøane og for å lære å smi. Ei fordjupingsreise ho har fått diversestipend frå Norsk kulturråd til å gjennomføre. Desse turane utgjer ei form for research. Medan ho oppsøkjer stader og aktivitetar som ho kjenner for å delta på, kjem ho nærmare noko som gir prosjektet næring. Noko som set seg som ei kjensleerfaring, og som genererer tekstproduksjon.</p> <p>Prosjektet vil munne ut i ein tekst som vert presentert for publikum, gjennom opplesing og i innspelt form som lydbok/podcast.</p> | | | |
| Vurdering: | <p>Profesjonell kunst og kultur er eit satsingsområde i Kulturstrategi 2015 – 2018. Fylkeskommunen ønskjer å legge til rette for at profesjonelle kunst- og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket. Gjennom arbeidsstipend for kunstnarar ønskjer ein å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.</p> <p>Søkjaren har fått støtte til prosjektet frå Norsk kulturråd. Prosjektet støttar opp om og utviklar hennar kunstnariske virke. Fylkesdirektøren vurderer difor at det er grunnlag for å tildele søkeren stipend.</p> <p>Fylkesdirektøren gjer vedtak om å tildele stipend.</p> | | | |
| Budsjett: | 54 600 | Søknadssum: | 30 000 | Vedtak: 30 000 |